

# Referat

## STYREMØTE NR.9 i ØIL – 07.11.2011

Møte		Referat	
<b>Dato</b>	07.11.2011 kl. 1800	<b>Deltakarar</b>	Hilde Hysing-Dahl / leiar Per Dysterud / nestleiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik/ skrivar Øystein Roe Sundøy / styrelem Sonja Fagerheim/ styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ styrelem Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa Leiv Sandven/ trimgruppa
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Roger Vassnes / fotball Olav Kreken/ orientering
<b>Neste møte</b>	torsdag 08.12.2011 kl. 1900		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
<b>9.1</b>	<b>Saker</b>		
.1	Eldsjel Leiv Sandven fylte 70 år 4/11-2011  Til lukka !!! Blom og gåvekort frå ØIL.	HURRA	
.2	<u>Øystese-trimmen og open hall sønd. 18.09.11 – evaluering II</u>  Det er kome nokre reaksjonar på at premieutdelinga for Øystesetrimmen vart gjennomført før alle trimmarane var kome i mål. Men dei som var trekt ut på startnummer fekk uansett premien sin uavhengig av dette.  Konklusjonen er at premieutdelinga kanskje må organiserast på annan måte.	info	styret
.3	Symjehall og stupefasilitetar knytt til Hardanger bade og <u>velværesenter og ØIL-rolle i realisering av anlegget</u>  Oppsummering av prosessen:  ØIL-styret har brukt mykje tid i haust på å vurdere om idrettslaget skulle gå inn som den ideelle / "offentlege" aktøren i prosjektet Hardanger bade og velværesenter som del av forsøk på å realisere tiltaket.  Modellen har vore å opprette eit AS heileigd av ØIL som i prinsippet skulle stå som investor, eigar og driftar av symjehalldelen med stupefasilitetar, den delen det kan søkjast tippemidlar for.		styret

Etter sjølve å ha jobba med mottekne budsjettal som ligg til grunn for Hardanger bade og velværesenter-konseptet, fann styret det naudsynt å få gjennomført uavhengige vurderingar. Slike vurderinga skulle innhalda kvalitetssikring av både framlegg til avtale mellom AS og HBV, av budsjettal og konsekvensar for ØIL ved deltaking.

Vedtak gjort på styremøte nr. 8 27.09.2011 som vart formidla til HBV v/ Rune Frisvold av styreleiar Hilde Hysing Dahl lydde (sitat):

*Vi prøver å innhente profesjonell kompetanse som kan vurdere vår deltagelse. Disse må være med å utarbeide en avtale mellom den private og den offentlige delen. Denne avtalen må legges frem for årsmøte i ØIL, årsmøtet er vårt høyeste organ.*

*Vi må ha en garanti for at påløpte utgifter i samband med en vurdering av vår evt. deltagelse blir dekket av HBV.*

Då ØIL-styret aldri fekk noko stadfesting på garanti vart det ”fridd” til personar med ulik kompetanse som har gjort vurderingar på dugnad for laget. Dugnadspersonane ynskjer å vere anonyme. Fagkompetansen er fordelt slik:

- jurist
- siv.øk. med m.a. styreerfaring frå industri
- siv.øk med erfaring frå industri, bank og off. verksemد
- sos.øk med erfaring frå industri, idrettsanleggutbygging, konsulentbransjen, m.v.

Hovudinntrykket er at både inntektssida og driftskostnadssida i budsjettet verkar uklar/usikker. Same kan seiast om lånebehovet og kva som utgjer tilskot. Sjølve kostnadskomponentane knytt til bygging av anlegget er ikkje vurdert. Organisasjons-modellen med eit lite idrettslag som den ”offentlege delen” er også vurdert som utfordrande. I dei fleste større idrettsanleggssaker er kommunen (og også fylkeskommunen) inne på eigarsida, enten som kommune eller som kommunalt føretak. Ein kommune vil få heilt andre låne- og rentevilkår enn kva eit AS heileigd av idrettslaget vil kunne oppnå. Eit engasjement i HBV vil dessutan forplikte idrettslaget og framtidige ØIL-styrer i 30 år framover.

## Vedtak

Styret i Øystese idrettslag har ut frå ei samla vurdering av tilgjengeleg dokumentasjon, kome til at idrettslaget ikkje vil kunne gå inn som den ideelle/”offentlege” aktøren for realisering av Hardanger bade og velværesenter. Engasjementet i saka vert derfor avslutta.

Grunngjevinga er at ein vurderer både den finansielle og organisatoriske modellen som alt for uoversiktleg og usikker. Dessutan kan styret vanskeleg binde opp eit idrettslag med ein svært avgrensa ressursbase, til eit tungt engasjement med ein tidshorisont på minimum 30 år.

Vedtaket var einstemmig.

## .4 Årsmøte 2011 i Øystese idrettslag

Tidspunkt: **torsdag 23.02.2011 kl. 1930**  
Stad: Holmatun

Styret

	<p>Merk: Fotballgruppa må gjennomføre årsmøte i framkant av hovudlaget sitt årsmøte.</p> <p>Årsmøtesaker (foreløpig):</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innmelding i Norges fleiridrettsforbund.</li> </ul> <p>Førebuing:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Annonse bør innehalde noko om kven som har stemmerett.</li> <li>- Valnemnd vert kalla inn til styremøte 8/12-11 kl. 19.</li> <li>- Lage oversikt kven som er på val.</li> </ul> <p><u>ØIL-heimeside</u></p> <p>Er mykje kluss med sida som no er utvikla. Prøver å finne eit WEB-sidekonsept med større fleksibilitet som er lettare å administrere.</p>	info	
<b>9.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
<b>9.3</b>	<b>Friidrett(trimgruppa)</b>		
<b>9.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
.1	Har kjøpt inn teppecurlingsett. Er plassert i klatrehalldel i skap. <ul style="list-style-type: none"> <li>- I første omgang er settet tenkt brukt av HC-gruppa.</li> <li>- Seinare kan andre grupper nytta settet.</li> </ul>	info	
<b>9.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>9.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>9.8</b>	<b>Økonomi</b>	info	
.1	Likviditet - Status kontoar: uendra sidan siste møte		
.2	Grasrotandel <ul style="list-style-type: none"> <li>- Status pr.</li> </ul>		
.3	Innkjøp av teppecurlingsett – kr 10 000.		
<b>9.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
.1	Gevinst til julebingo Holmatun AS – kjøp fenalar frå ØIL.		Trude
.2	Skianlegg på Myrane <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kraftverket har teke ned nokre av stolpane.</li> <li>- Sauer til Even Øyri beitar på området. Straumjerde er kopla til ØIL-anlegg i hoppbakke. Skriv avtale ?</li> </ul> <p><u>Saker under oppføling</u></p> <p>(Pkt. 7.9.1)  Spørsmål om ØIL-logo og gammal ØIL-pins</p> <p>Leiv driv å nøstar i saka om opphav, årstall, m.v.  Hilde gjev tilbakemelding til vedkomande at det vert jobba med å avklare spørsmålet.</p>	info	Leiv
		info	Leiv/Hilde

Rune Vik/ skrivar